



**Kviteseid kommune**  
**Kommunedirektør**

SØR-ØST POLITIDISTRIKT  
Postboks 2073  
3103 TØNSBERG

**Delegert vedtak**  
**- nr.**

Dykkar      Vår ref:      Saksbeh:      Arkivkode:      Dato:  
2023/197-      Audun Aasmundtveit,      K01      23.01.2023  
1      audun.aasmundtveit@kviteseid.kommune.no

## **K - Oppkøyring av snøskuterløyper til hjelp for hjortevilt**

Grunna mykje snø så langt i 2023 ser ein at hjortedyra slit med å ta seg fram og finne mat. Resultatet kan vera at dei trekkjer ned i dalføra, mot bebyggelse og brøyta og salta vegar. Til no i år har vore svært mange påkøyrslar, og mange svake dyr som slit med å få i seg nok næring.

Dette er gjeldande for dei fleste kommunane i Vest-Telemark, men med ulikt omfang på snømengder, tettleiken av vilt, og negative fylgjer som trafikkulukker og naturleg avgang.

Med heimel i *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag* § 3 i kan motorkjøretøy på vinterføre nyttast til transport i samband med kommunalt organisert tiltak for hjortevilt:

*Motorkjøretøy kan på vinterføre nyttas til transport i forbindelse med kommunalt organiserte akutttiltak for å redusere påkjørselsrisiko for elg og annet hjortevilt ved vei eller jernbane.*

Målet er å få køyrd opp løyper for viltet som eit avbøtande og preventivt tiltak. Ved å få etablert oppkøyrde løyper i utmark vil viltet lettare kunne bevege seg rundt, få i seg mat, og unngå uynskte situasjonar og konflikhtar med menneske og trafikk.

I praksis vil dette seie at ved kommunalt initiativ og regi innanfor rammene som er sett for tiltaket kan ein nytte mellom anna snøskuter for å køyre opp løyper i utmark med heimel direkte i lovverket. Køyringa krev ikkje innvilga søknad i forkant, men kan innførast som eit generelt strakstiltak for ein avgrensa periode eller område. Vilkåra som blir sett er desse:

- Køyringa skal berre gå føre seg i tidsrommet oppgjeve i vedtaket.
- Løyvet gjeld heimelshavar og han/hennar sin nære familie, og berre køyring på eigen eigedom. Køyring på andre sin eigedom må avklarast i kvart enkelt tilfelle med grunneigaren det gjeld.
- Avgrensinga i forskrifta er motorkjøretøy, det vil seie t.d. snøskuter, ATV, traktor o.l.
- Køyringa må ha ein nytteeffekt for viltet, og ikkje bere preg av villmannskøyring.
- Det bør fokuserast på område der det er vanleg at vilt samlar seg, eller der dei har trekkruter som ligg i nærleiken av trafikkerte vegar.

- Om ein møter på vilt under køyringa skal ein vise omsyn, og snu eller finne alternative ruter så langt det går.
- Har ein moglegheit til å felle tre som mat til viltet, t.d. rogn, osp, selje eller furu, bør dette skje i område som ligg vekk frå trafikkerte vegar, så viltet i størst mogleg grad held seg i skogen.
- Førarkort, vognkort og kommunens vedtak skal vera med og visast fram når politi eller oppsyn krev det.

**Vedtak:**

Med heimel i § 3 i i *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag* gjev Kviteseid kommune heimelshavarar i kommunen løyve til å køyre opp løyper til hjelp for hjortevilt.

**Løyvet gjeld køyring etter vilkåra nemnt over, og gjeld ut januar månad.**

*Vedtaket kan klagast inn til **statsforvaltaren i Vestfold og Telemark**. Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan utløpet av fristen.*

*Klaga skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket. Gje opp vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringane du ønskjer og dei grunnane du vil gjere gjeldande for klaga. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, må du også gje opp når denne meldinga kom fram.*

Med helsing

Audun Aasmundtveit  
landbruksrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.*